



Saksmappe: 2024/540  
Sakshandsamar: KOF  
Dato: 18.11.2024

## SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
	Arbeidsmiljøutvalet	
	Rådet for eldre og funksjonshemma	
	Bygland ungdomsråd	
	Plan, miljø- og ressursutvalet	
	Levekårsutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

### Budsjett 2025 og økonomi- og handlingsplan 2025-2028

#### *Kommunedirektøren si innstilling:*

##### **FRAMLEGG TIL INNSTILLING – BUDSJETT 2025**

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2025, med tilhørende føresetnader vert å fastsette som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2025.

##### **Skattesatsar/marginavsetning**

Skatten for 2025 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek. For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett jf. eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c.

##### **Kommunale avgifter og betalingsattsar**

Bygland kommune legg opp til 100 % dekningsgrad på kommunale avgifter, med unntak av årsavgift på kloakk og vatn. For 2025 vert det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingsattsar:

- |   |                     |
|---|---------------------|
| • Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)   | blir auka med 7,1 % |
| • Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.) | blir auka med 3,7 % |
| • Tilkoplingsavgift for vatn                | blir ikkje endra    |
| • Tilkoplingsavgift for kloakk              | blir ikkje endra    |
| • Slamtømmeavgift                           | blir ikkje endra    |
| • Renovasjonsavgift hus                     | blir auka med 5,0 % |
| • Renovasjonsavgift hytte                   | blir auka med 5,0 % |
| • Feieavgift                                | blir auka med 3,1 % |

Merk at prosentauka i vass- og avløpsgebyra ovanfor er ekskl. mva., som vil seie at regjeringa sitt forslag om å redusere mva. på vatn og avløp frå 25 % til 15 % ikkje er medrekna i endringa over. Viss ein reknar med at forslaget om 15 % mva. på vatn og avløp blir vedteke med verknad frå 01.05.25, vil gjennomsnittleg mva. vere 18,33 % på desse gebyra i 2025, mot 25 % i 2024. Det vil seie at reell auke i vassgebyret for private hushaldningar er på 1,4 %, medan avløpsgebyret i realiteten blir redusert med 1,9 %.

Dette svarar til at kommunale avgifter samla for ein bustad på 150 kvadratmeter utan vassmål, påkøpla kommunale VA-anlegg, praktisk talt blir uendra frå 2024 til 2025, sidan det vil vere snakk om ein total reduksjon på 5 kr (som er ein reduksjon på 0,02 %). Viss mva-reduksjonen som er føreslege frå regjeringa, ikkje blir vedteke, vil endringa for same type eigedom bli 4,57 %. For eigedommar som ikkje er påkøpla kommunale VA-anlegg, og som berre betalar feiegebyr og renovasjonsgebyr dei åra det ikkje er slamtømming, vil auka ovanfor svare til 4,7 %, som er litt over lønnsveksten for 2025 på 4,5 %.

### Låneopptak

Det blir lagt opp til eit finansieringsbehov ved lån/ubrukte lånemidlar til investering på 15,75 millionar i 2025. Før ein tek opp nytt lån, vert ubrukte lånemidlar frå året før nytta. Opptak av startlån er budsjettert med 3 mill., men viss behovet endrar seg i løpet av året vil ein i så tilfelle fremje dette som ei eiga sak.

### Andre forhold

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einskilde resultatteining:
  - Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
  - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til naudsynte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å bruke av, og avsette midlar til einingsfond.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre strykningar dersom driftsrekneskapet vert gjort opp med underskot.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å prioritere finansiering av investeringsrekneskap innanfor budsjett.
6. Bruk av, og avsetning til, ordinært disposisjonsfond er budsjettert med kr 0. Bruk av, og avsetning til, andre disposisjonsfond er fordelt som følger:

År	2025
Avsetning til flyktingefond	6 357 000
Avsetning til pensjonsfond (premieavvik)	3 105 000
<b>Sum avsetning til disposisjonsfond</b>	<b>9 462 000</b>
Bruk av flyktingefond oppvekst	-1 162 000
Bruk av bygdebokfond	-500 000
Bruk av ordinært disposisjonsfond	0
<b>Sum bruk av disposisjonsfond</b>	<b>-1 662 000</b>

### Generelt

Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For det einskilde budsjettområde gjeld reglane om delegert budsjettmynde innanfor netto driftsramme. Utover dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltakar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i Setesdal interkommunalt politiske råd (SIPR) før endeleg løyving vert fastsett. Budsjettert overføring til SIPR er under føresetnad at alle deltakarkommunane er samde om deltakarstøtta.

## FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ØKONOMI- OG HANDLINGSPLAN 2025-2028

1. Økonomi- og handlingsplan for perioden 2025-2028 vert å vedta i samsvar med kommune- direktøren sitt framlegg.
2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2025-2028 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.
3. Bruk av, og avsetning til, ordinært disposisjonsfond og andre disposisjonsfond, er som følger i perioden 2025-2028:

År	2025	2026	2027	2028
Avsetning til flyktingefond	6 357 000	3 009 000	576 000	0
Avsetning til pensjonsfond (premieavvik)	3 105 000	3 105 000	3 105 000	3 105 000
<b>Sum avsetning til disposisjonsfond</b>	<b>9 462 000</b>	<b>6 114 000</b>	<b>3 681 000</b>	<b>3 105 000</b>
Bruk av flyktingefond oppvekst	-1 162 000	-1 162 000	-1 162 000	-1 162 000
Bruk av bygdebokfond	-500 000	0	0	0
Bruk av ordinært disposisjonsfond	0	-3 322 000	-3 584 000	-3 811 000
<b>Sum bruk av disposisjonsfond</b>	<b>-1 662 000</b>	<b>-4 484 000</b>	<b>-4 746 000</b>	<b>-4 973 000</b>

Dei røde tala viser i kor mykje som manglar for at kommunen sin økonomi er balanse for 2026 til 2028.

### SAKSUTGREIING

Ein viser til budsjett 2025 og økonomi- og handlingsplan 2025-2028 som er lagt ved saka.

### Vurderingar og konsekvensar

Enkelt saker med økonomiske konsekvensar som kjem opp i løpet av året, skal som hovudregel ikkje handsamast som enkelt saker, men skal handsamast i samband med økonomiplan/budsjett.

Bygland, 15.11.2024

Kommunedirektør

### Saksvedlegg

- 1 Økonomi- og handlingsplan 2025-2028